

Chv 29

Saker til møte 24.01.2017

1. Mat

2. Rekneskap

3. Oppsummering 2016

4. Framdrift / prioritering

a. Demontere karosserideler

b. Reblåsing

c. Ferdigstille instrumentpanel/ lakkere

d. Ferdigjering av felgar

e. Innsetting av motor

f. Montering av karosseri

g. Påbygg

Oppsummering dagnad på Chv 29 i 2016

- 7/1 Henta tilbake ramme frå Mongstad
- 8/1 Sandblåst ramme oppstart,
- 14/1 Sandblåst ramme og kardang. Laga "skrustikkebord"
- 15/1 Sandblåst Skjermar
- 21/1 Etterblåsing ol.
- 23/1 Syregrunning,
- 28/1 Henta lakk i Knarvik. Syregrunning fortset
- 29/1 Lakkering av ramme
- 2/2 Kveldsarbeid. Sveising av ramme
- 4/2 Overflateslipt felgar og syregrunna
- 11/2 Henta lakk i Bøvågen, lakka ramma og fjærfeste med pensel/kost
- 18/2 Utvida styremøte med oppsummering av arbeidet t.o.m. 2015. Vidare sandblåsing, grunning av deler
- 24/2 til Os på studiereise
- 25/2 Omvising på alt utstyr hjå Atle, han gjev oss lov å bruke alt utstyr. Klinking av fjærfeste. Montering av fjærer.
- 3/3 Styremøte, laga grunnlag for tilskotssøknader. Skifta grease niplar i framstell og fjærer. Måling av buss-lengde i forhold til gml. data. Laga til "oppsettings-anbolt". Løyst ratt frå rattstamme, dette var sveist saman
- 4/3 Felling av eik til påbygget.
- 10/3 Retting og sveising av karosserideler (radiatorkappe, skjermar ol.) Demonter bremsar bak og hovedbremse-sylinder. Løyst skruar på handbremsstag. Skrive under 5 stk.(?) søknader om tilskot.
- 17/3 Sett opp skillevegg reoler mot nord. Innsveising av nye stykke i torpedo. Reingjering av innvendig kardang.
- Øystein har kjørt eika til saga.
- 30/3 Saga eik til påbygget
- 31/3 Restoppsett av skillevegg. Sveising og retting av karosserideler .m.m.
- 7/4 Sveising og retting. Demontert gearboks
- 14/4 Skifta ut deler av skjerm. Nytt feste for bensintank. Henta delar frå Rødland-garasjen m.m.
- 21/4 Laga "simmering" til h. bakhjul, div. sveising-retting. Montert saman gearboks.
- 28/4 Lett re-sandblåsing av panser, sveising, malt gearboks. Besøk og framvising av Ch.29.
- 12/5 Sveising, retting og diverse
- 13/5 Slipt ventilar, slipt bort slitekant i sylindre, honing av sylindre.
- 18/5 Henta stålplater
- 19/5 Monter skjermar og torpedo for tilpassing, laga karosserideler/ valsa og knekka sideskjørt
- 26/5 Sveising og retting. Montering av ventilar og stempel.
- 2/6 Finretting og tilpassing av karosserideler. Montering av motordeler, rep oljepumpe.
- 3/6 Flytta motor til Fammestad. Flytta trematerialer til Fammerstad. Rydding m.m.

- 8/6 Flytta resten frå Rødland til Fammestad. Rep. Og montert saman Motor
- 9/6 Retting karosseri, div. motorarbeid, snudd slipt tannkrans,
- 15/6 Mont. karosserideler mont. Gearboks på motor og div. Veteranbusklubbb BNR var på visning av Ch29
- 25/8 Oppstart etter ferien med besøk av avisa Strilen. Planlegging
- 1/9 Diverse finretting, oppstart på montering av bremsar
- 8/9 Finretting, Montering og tilpassing av bremsedeler
- 15/9 Div. arbeid
- 22/9 Div. arbeid, bremsar, lakkarbeid
- 29/9 Div. arbeid
- 6/10 Retting, bremsearbeid
- 13/10 Retting, Bremsar, motor
- 20/10 Retting av torpedotopp, mont. fordelar, oljepåfyllingsrør, henta og sett opp reol, slipt vidare på felgar
- 28/10 Finretting- tilpassing, sjekka og lakkert starter og dynamo, skifta stiftar, mont.pluggar
- 3/11 Framleis finretting, grunna diverse karosseridelar, montert startar, dynamo og vannpumpe. Besøk og omvising av 4 personar frå Bergensområdet.
- 10/11 Karosseriarbeid, motor ol., spartling og sliping av felgar
- 17/11 Motorarbeid, karosseri-retting. Rep. av stilas som me fekk. Vedlikehald av fres som skal nyttast ved oppbygging av påbygget. Besøk av 2 personar frå veteranbilmiljø i Bergensområdet.
- 24/11 Motorarbeid, finretting, laga karosseridelar, forsterking av panser
- 1/12 forsterking av panser + div. Motor: tok nedatt oljepumpe og montert på den gml. då me ikkje fekk tilfredstillande oljetrykk **Starta motor, den starta lett, men treng litt justeringar.** Motor står på ein palle
- 8/12 Div. finretting. Mont. mellombels radiator og eksosanlegg, (vaska toalett)
- 12/12 Utflukt til Os og såg igjen på Forden til FOM og Chèn til Kjell. Studerte oppbygginga. Øystein kjøpte bandsag for utlån til Ch29
- 15/12 Til Arna Bruk og henta takrenner og alulister som me fekk. Prøvekjørt motor og denne gjekk fint etter justeringar. Klargjort fres og bandsag. **Oppstart med høvling/profilskjering av standerverk.**
- **Registrerte timar til no er 1111 timar**